



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Silje Anette Lyhammer, 55 57 21 51

Vår dato  
03.10.2018  
Dykkar dato

Vår referanse  
2018/12053 521.1  
Dykkar referanse

AUD MAY HUNDVIN  
Hundvinsvegen 109  
5956 HUNDVIN

### **Svar på klage gjeldande tilskot til mjølkesau i produksjonstilskot i 2017 - Aud May Hundvin - Lindås**

Fylkesmannen viser til dykkar klage, dagsett 24. september 2018, samt Lindås kommune si oversending til oss, dagsett 26. september 2018.

#### **Vedtak**

**Fylkesmannen avslår klage frå føretaket Aud May Hundvin, org.nr 985 264 821 gjeldande tilskot til mjølkesau i produksjonstilskot i 2017. Føretaket må betala tilbake tilskot på kr 47.922,-.**

**Vedtaket har heimel i forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket av 19. desember 2014 med tilhøyrande rundskriv.**

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast.

#### **Bakgrunn**

Føretaket Aud May Hundvin, org.nr 985 264 821, driv med hald av sau på gbnr 56/14 i Lindås kommune. I mai 2017 søkte føretaket tilskot til 50 sauer og 42 mjølkesauer. I oktober vart det søkt om tilskot til 40 mjølkesauer. I januar 2018 var Lindås kommune i kontakt med føretaket då det vart oppdaga at det blant anna var søkt om mjølkesau. Føretaket stadfesta at mjølkesau var feilført og kommunen skulle fjerna mjølkesau frå søknaden. Sakshandsamar i Lindås kommune fjerna så feilføringa av mjølkesau for søknadsregistrering i oktober 2017, men det vart ikkje fjerna for mai 2017.

Ved utbetaling av tilskot i februar 2018, vart det dermed utbetalt tilskot for 50 sauer og 42 mjølkesauer. Tilskot for mjølkesau var på kr 30.702,- og avløysartilskot for mjølkesau var på kr 17.220,-, totalt kr 47.922,-.

8. august 2018 mottok du brev frå Lindås kommune med varsel om feil i søknaden frå 2017 og at du måtte betala attende kr 47.922,- av tilskotet du hadde fått utbetalt i februar 2018.

Lindås kommune mottok så epost frå deg, dagsett 9. august 2018, der du viser til at du var i kontakt med sakshandsamar i Lindås kommune 2. og 4. januar 2018 for å retta opp i opplysningane som var blitt feilført i søknaden din om produksjonstilskot i mai og oktober 2017. Du meiner det er feil at du skal måtta betala tilbake, når du trudde dette var ordna opp i

frå Lindås kommune si side. De har føreteke investeringar på garden, så midlane frå tilskotet er avsett til det.

27. august 2018 etterlyste du svar frå Lindås kommune, og viser dokumentasjon frå korrespondanse med landbrukskontoret i Lindås kommune.

3. september 2018 fatta Lindås kommune vedtak om tilbakebetaling av tilskot for mjølkesau omsøkt i mai 2017, samt avløysartilskot knytt til dette.

Føretaket ditt klaga 24. september 2018 på vedtaket av 3. september. I klagen skriv du at du gjentekne gonger har teke kontakt med landbrukskontoret, og påpeika at feil i søknaden måtte rettast opp. Du meiner vidare at feil gjort at etaten ikkje kan leggjast dykk til last.

### **Vurdering**

Vedtak etter forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket av 19. desember 2014 vert fatta av kommunen. Vedtak fatta av kommunen kan klagast på til Fylkesmannen, jf. § 9 tredje ledd.

Klagefristen er tre veker frå du mottok brev om vedtak, jf. forvaltningslova § 29. Du klaga innan fristen og klaga vert teken til handsaming.

Du søkte om tilskot til høvesvis 42 og 40 mjølkesauer på søknad om produksjonstilskot i mai og oktober 2017. Mjølkesau er definert i jordbruksavtalen som *sau født foregående år eller tidligere, som er i melkeproduksjon hvor melken nyttes som råstoff ved lokal foredling*. Sakshandsamar i Lindås kommune endra, etter avtale med deg, talet for mjølkesau til 0 ved oktober-registreringa, då du ikkje driv med mjølkesau. Det vart ikkje endra for mai-registreringa.

Vedtak om utbetaling av tilskot for 2017 er stila 20. februar 2018. I dette vedtaket går det fram kva ordningar det er løyvd tilskot til, og sum. Blant anna er det utbetalt tilskot for 42 mjølkesauer (i mai) og avløysartilskot for mjølkesau. Tilskotsbrevet var tilgjengeleg for deg i Altinn frå om lag 20. februar 2018.

Føretaket ditt, Aud May Hundvin, er eit enkeltpersonføretak. Som eit enkeltpersonføretak er du sjølvstendig næringsdrivande. Det vert stilt strenge krav til sjølvstendig næringsdrivande, søkjar er sjølv ansvarleg for å setja seg inn i og halda seg oppdatert på dei til ei kvar tid gjeldande reglane.

I forskrift om produksjonstilskot § 13 går det fram at *dersom foretaket som følge av manglende oppfyllelse av vilkår i denne forskriften eller av andre grunner har mottatt en utbetaling som ikke er berettiget, kan det feilutbetalte beløpet kreves tilbakebetalt fra mottakeren eller motregnes i senere tilskuddsutbetaling*. Feilutbetaling som skuldast «andre høve», som for eksempel feil utrekning hos forvaltninga, kan òg krevjast tilbakebetalt. Det er den delen av tilskotsutbetalinga som føretaket ikkje er berettiga, som skal krevjast tilbake. Dette kan omfatta heile eller delar av det utbetalte tilskotet.

På bakgrunn av dette er Fylkesmannen av det syn at feilutbetalt tilskot på kr 47.922,- for mjølkesau til ditt føretak, skal tilbakebetalast.

Jamfør § 12 i forskrift om produksjonstilskot kan ein òg avkorta i tilskotet dersom det er gjeve feil opplysningar anten aktlaust eller forsettleg. Avkorting inneberer at ein føretek ein *reduksjon* i tilskotet føretaket i utgangspunktet fylte vilkåra for å motta.

Fylkesmannen er einig med Lindås kommune, og vil ikkje avkorta i tilskotet. Føretaket har ikkje gjeve feile opplysningar verken med forsett eller aktlaust. Det var nytt skjema og nye søknadsfristar i 2017 som gjorde det forvirrande og mogleg å føra feil i søknaden.

Føretaket Aud May Hundvin, org.nr 985 264 821, må betala tilbake utbetalt tilskot på kr 47.922,- for mjølkesau og avløysartilskot gjeldande mjølkesau for søknadsåret 2017.

Fylkesmannen ber Lindås kommune sørgja for at søknadsdata i eStil PT vert retta opp i, slik at Landbruksdirektoratet kan senda faktura til føretaket.

Med helsing

Åse Vaag  
landbruksdirektør

Silje Anette Lyhammer  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ